



Kommunereform

Styringsgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:

15/497-31-ØH-
FE - 002

Dato:

10.04.2016

Kommunereform, referat frå møte i styringsgruppa 08.04.16

Møte i styringsgruppa erstatta følgjande møte same dag:

- Siste del av felles formannskapsmøte
- Møte i prosjektgruppa.

Til stades:

Styringsgruppa		
Namn	Kommune	Funksjon
Olve Grotle	Førde	Ordførar, leiar av styringsgruppa
Anita Eide Kvamme	Gaular	Varaordførar
Morten Askvik	Hyllestad	Ordførar
Oddmund Klakegg	Jølster	Ordførar
Håkon Myrvang	Naustdal	Ordførar
Gunnar Osland	Askvoll	Varaordførar
Gunhild Berge Stang	Fjaler	Ordførar
Rådmenn og prosjektsekretariat		
Namn	Kommune	Funksjon
Bente Nesse	Hyllestad	Rådmann
Børge Tvedt	Jølster	Rådmann
Ola Hovland	Fjaler	Rådmann
Ole John Østenstad	Førde	Rådmann
Håkon Loftheim	Askvoll	Rådmann
Helge Følid	Gaular	Rådmann
Øyvind Bang-Olsen	Naustdal	Rådmann
Trond Ueland		Sekretær for SiS regionråd
Per Arne Tveit		Sekretær for Hafs regionråd
Øystein Høyvik		Prosjektleiar
Anne Karin Hamre	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fylkesmann
Kåre Træen	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Prosjektleiar

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte i prosjektgruppa 18.03.16

- Ikkje gjennomgått

Kommunestyrevedtak april 2016

- Konklusjonar / oppsummeringar frå felles formannskapsmøte:
 - Det blir ikkje opna for nye forhandlingar av intensjonsavtalane. Men kommunane i SiS skal gjennomføre møte(r) før kommunestyrehandsaming i april for å vurdere

om det er aktuelt å lage eit tilleggskdokument som utdjupar felles forventningar for den nye kommunen. Dette tilleggskdokumentet skal vere av ein slik karakter at det ikkje krev nye forhandlingar om intensjonsavtalar og ny innbyggjarhøyring.

- Kommunane i HAFS vil før kommunestyrehandsaming i april gjennomføre møte for å avklare felles utfordringar knytt til ein evt kommune for Hyllestad, Askvoll og Fjaler. Her er det viktig å merke seg at Hyllestad er avhengig av å vente på innbyggjarhøyring i Høyanger og Balestrand før dei kan ta endeleg stilling til HAFS-alternativet
- Ang kommunestyrevedtaket i april for kommunane i SiS:
 - Det er ei utfordring for dei andre kommunane at Naustdal har bestemt at det skal gjennomførast ny innbyggjarundersøking i mai/juni
 - Kommunane Jølster, Gaular og Førde vil gjere vedtak om samanslåing, evt vedtak om at ein har intensjon om eit slikt vedtak seinast i juni 2016
 - Kommunane skal gjere vedtak om det er aktuelt å gi ein eller fleire av kommunane i HAFS høve til å slutte seg til intensjonsavtalen for «liten» SiS og bli ein del av ein felles større kommune i Sunnfjord.
- Med utgangspunkt i avgjerdene gjort i felles formannskapsmøte skal utkast til felles mal for saksutgreiing utarbeidast og sendast til rådmennene for sakshandsaming

Framdriftsplan

- Ingen endringar
- Viktig at regionmøter i SiS og HAFS blir gjennomført i nær framtid slik at kommunestyra kan handsame sak i april 2016

Gjennomgang av møteplan

- 13.05.16 blir det gjennomført både styrings- og prosjektgruppemøter
- Møta 27.05.16 utgår
- 13.05.16 skal ein vurdere om avtalt møte 01.07.16 skal framskundast.

Tilskot til vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg

- Innspel til aktuelle søknadsområde skal sendast sekretærene for regionråda i SiS og HAFS innan søndag 10.04.16
- Sekretærene i regionråda sender søknad(er) innan 11.04.16

Eventuelt

- Ingen saker.

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane
Prosjektgruppa